



Arkivnr: 2014/19488-2  
Saksbehandlar: Johan J Meyer

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hovudarbeidsmiljøutvalet		28.11.2014
Administrasjonsutvalet		x
Fylkesutvalet		29.01.2015

## Revisjon av rutine for varsling i Hordaland fylkeskommune

### Samandrag

Hordaland fylkeskommune har i samsvar med arbeidsmiljølova § 3-6 hatt egne skriftlege rutinar for varsling av kritikkverdige tilhøve sidan hausten 2007. Reglane er tufta på to av paragrafane i arbeidsmiljølova: § 2-4: «Arbeidstaker har rett til å varsle om kritikkverdige forhold i virksomheten», og § 2-5 som slår fast at «Gjengjeldelse mot arbeidstaker som varsler i samsvar med §2-4 er forbudt.».

Gjennom rettspraksis har ein fått erfaring med kva som er anerkjent som varsling og kva som er anna tenestemessig oppfølging og handtering. Nokre saker har vore til behandling i fylkeskommunen, og ein ser at det er trong for å få eit klårare regelverk til hjelp for den som varsler og også klårare reglar for saksbehandlinga slik at desse ikkje skapar habilitetsproblem for dei som tar del i prosessen.

Varslingsrutinane skal leggje til rette for naudsynt varsling i organisasjonen, men dei skal og samstundes avgrense uriktig eller ikkje-naudsynt bruk av varslingsinstituttet. Det er difor viktig også å få dette momentet fram i rutinane.

Varslingsrutinane må få ei form som gjer dei lettare tilgjengelege for våre tilsette, dei er difor korta ned og samla i eit eige avsnitt med omsyn til det varslaren har trong for å vite i vedlagte utkast. Denne delen kan også publiserast som plakat.

Fylkesrådmannen vil gjere framlegg om at det fylkeskommunale varslingsutvalet vert set saman av tilsette som ikkje er i direkte leiarposisjonar, men som med bakgrunn i sitt virke og sine personlege formelle kvalifikasjonar er vel eigna til å handtere varslingssaker.

Utkastet til rutine er delt opp i følgjande avsnitt:

- Det første avsnittet gjev ei avklaring på kva som er ei varslingssak. Her er ei avgrensing mot andre typer saker, men likevel slik at det ikkje er nokon absolutt grenseoppgang.
- Det andre avsnittet omtaler varslingsvegane i fylkeskommunen, og inneheld det varslaren har trong for å vite med omsyn til framgangsmåtar i samband med å utforme og levere eit varsel.
- Det tredje avsnittet omtaler sakshandsaminga etter at eit varsel er motteke av fylkeskommunen.
- Det fjerde avsnittet omtaler varslingsutvalet og utvalets sakshandsaming.

Vedlegg: Utkast til reviderte retningslinjer for varsling i Hordaland fylkeskommune.

### **Forslag til innstilling**

Utkast til reviderte retningslinjer for varsling i Hordaland fylkeskommune vert gjort gjeldande som retningslinjer for varsling i Hordaland fylkeskommune.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*